



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge

Arkivreferanse: 2024/13-4

Forskrift eller reglement for vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslaget til forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune blir lagt ut til offentlig høyring på kommunen si heimeside, med høyringsfrist 05.06.2024. Høyringa skal òg kunngjerast i Samningen. Endeleg vedtak skal gjerast av kommunestyret i juni 2024.

Oppsummering

Kommunestyret handsama 07.12.2023 ei sak om mellom anna påkopling til kommunalt vatn og avløp. Kommunestyret bad der om å få opp ei sak om vilkår for påkopling til kommunalt vatn og avløp så snart som praktisk mogleg. På bakgrunn av dette vart det i kommunestyret 22.02.2024 lagt fram ei sak om reglement for vass og avløpsgebyr.

Kommunestyret vedtok 22.02.2024 å utsetja saka, og bad om å få saka opp på nytt til neste formannskapsmøte. Vedtaket i kommunestyret inneheldt òg nokre presiseringar om endringar som skal innarbeidast i reglementet.

Administrasjonen har etter kommunestyret sitt vedtak 22.02.2024 gått gjennom saka på nytt. Rådmannen foreslår no at kommunestyret skal vedta ei forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger, i staden for eit reglement. Rådmannen har utarbeidd forslag til slik forskrift. Der er det teke utgangspunkt i forslaget til reglement som vart lagt fram for kommunestyret 22.02.2024, samt dei presiseringane som kommunestyret vedtok i dette møtet. Rådmannen foreslår at grenseverdien for påkopling av eksisterande bustader og fritidsbudstader til offentlig vatn og avløp skal vera 1,5 G (grunnbeløpet i folketrygda). Dette skal vera ei samla grense for vatn og avløp.

Det blir foreslått at rådmannen skal ha fullmakt til å gje pålegg om tilkopling av eksisterande bygningar til offentleg vassleidning og/eller avløpsleidning dersom stipulert kostnad for eigar (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) ikkje er høgare enn 1 G (grunnbeløpet i folketrygda). Dersom stipulert kostnad er høgare enn 1 G, blir det foreslått at formannskapet skal ha fullmakt til å ta avgjerd. Det blir òg foreslått at formannskapet skal kunne gje tilskot for stipulert kostnad ut over 1 G.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok 07.12.2023 (sak 128/2023) at ei eiga sak om vilkår for påkopling til kommunalt vatn og avløp skulle leggjast fram for formannskapet/kommunestyret så snart som praktisk mogleg. Bakgrunnen for denne bestillinga var primært at det er behov for avklaring om kva reglar som skal gjelda for påkopling av eksisterande bygningar (bustader og fritidsbustader) til kommunalt vass- og avløpsnett.

På bakgrunn av vedtaket 07.12.2023, vart det til kommunestyremøtet 22.02.2024 lagt fram ei sak om reglement for vass- og avløpsgebyr for Samnanger kommune (sak 23/2024). Rådmannen argumenterte i saksutgreiinga for at det vil vera mest føremålstenleg å samla samtlege reglar og gebyr for vatn og avløp i eit reglement. Forslag til eit slikt reglement låg ved saka. Rådmannen foreslo der følgjande grenser for påkopling av eksisterande bustader til offentleg vass- eller avløpsanlegg:

- Ved estimerte kostnader på under 2G (grunnbeløp i folketrygda) får eigedommen vedtak om påkopling. (Det var under handsaminga i kommunestyret 22.02.2024 avklart at forslaget til rådmannen innebar at 2G skal vera ei separat grense for høvesvis vatn og avløp, og at det derfor kan tenkjast at det kan oppstå tilfelle med samla «eigendel» på opptil 4G.)
- Ved estimerte kostnader på over 2G vert saka sendt over til formannskapet for handsaming.

Kommunestyret vedtok 22.02.2024 følgjande om reglement for vass- og avløpsgebyr:

«Avgjerda om nytt reglement vert utsett, og saka vert lagt fram på nytt til neste formannskapsmøte. Då må det språkleg uklare rettast opp. Elles skal desse vilkåra leggjast inn:

- Grenseverdien (G-verdi) skal setjast lågast mogeleg og rådmannen kjem tilbake til formannskapet i fyrste møte med ei tilråding for ny sats.

Denne verdien skal vera ei samla grense både for vatn og kloakk.»

For meir informasjon om bakgrunnen for saka, blir det vist til saksutgreiingane (saksframlegga) til kommunestyresak 128/2023 og 23/2024. I desse saksutgreiingane er det gjort greie for mellom anna:

- Sjølvkostprinsippet på VA-området (VA = vatn og avløp).
- Potensiale for påkopling av eksisterande bustader og fritidsbustader til det kommunale vass- og avløpsnettet.

- Økonomi, fondsreglar m.m. på VA-området
- Vedtak i kommunestyret 11.05.2017 (i sak 14/2017) – interpellasjon om tilknytning til kommunal vassleidning. Kommunestyret gjorde der følgjande vedtak:

«Tilkobling skal skje dersom kostnader ikkje overskrider kr 200.000.

- Kostnadene blir fordelt slik:
 - 1) huseigar dekker kr 100.000 + tilkoblingsavgift
 - 2) Samnanger kommune dekker differanse mellom 1) og kr 200.000
- Dersom utgifter til tilkobling vert høgare enn kr 200.000, slepp huseigar å koble seg på.
- Tilbod fra entreprenør skal leggjast ved søknad.
- Kommunen tek over eigedomsretten til privat ledningsnett fram til eigedomsgrense.
- Ferdigattest gjev grunnlag for utbetaling frå Samnanger kommune.»

Det går fram av saksframlegget i kommunestyresak 23/2024 at det er behov for fleire abonnentar i det kommunale vass- og avløpsnettet, for å auka inntektene og finansiera investeringar på VA-området. I saksutgreiinga til kommunestyresak 128/2023 går det fram at administrasjonen har gått gjennom linjetraseen for vassverket og avløpsleidningane, og registrert bustader og fritidsbustader i desse områda som ikkje er påkopla kommunalt VA-nett. For vatn er det registrert om lag 40 potensielle påkoplingar, medan det for avløp er registrert om lag 75 potensielle påkoplingar. Det vil måtte gjennomførast synfaringar for å avklara eventuelle utfordringar som gjer at det er urealistisk å få kopla på nokre av desse. Dette kan for eksempel vera utfordringar knytt til topografiske forhold.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar

Det gjekk fram av saksutgreiinga til kommunestyresak 23/2024 at det er ei rekke lover, forskrifter, lokale vedtak og reglement som er styrande for vatn og avløp i kommunen:

- Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kap. 16.
- Plan- og bygningsloven 27. juni 2008 nr. 71.
- Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, Administrative bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017. (Vedtatt av Samnanger kommunestyre 26.11.2015)
- Øvrige dokumenter og kjelder:
 - Kommunens handlingsprogram; vass- og avløpsgebyr
 - VA-norm for Samnanger kommune – vedteke 10.06.2021
 - Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Tekniske bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017
 - Matrikkelen

I tillegg vart det i saksutgreiinga til kommunestyresak 23/2024 foreslått at kommunestyret

vedtek eit samla reglement for vass- og avløpsgebyr, og at samtlege reglar om gebyr for vatn og avløp blir samla i dette reglementet. Forslag til reglement låg ved saka. I tillegg var det lagt ved eit utkast til informasjon til innbyggjarane om rutine for tilkopling vatn og avløp.

Etter kommunestyret si handsaming 22.02.2024 av sak 23/2024, har administrasjonen gjort mellom anna følgjande:

1. Gjort ei vurdering av om kommunen sine reglar om gebyr for vatn og avløp bør samlast i eit reglement eller i ei forskrift.
2. Utarbeidd nytt forslag til vilkår for pålegg om tilkopling av eksisterande bygningar til offentleg vass- og avløpsanlegg.
3. Gått gjennom og prøvd å retta opp uklart språk.

Bør kommunen vedta eit reglement eller ei forskrift om vass- og avløpsgebyr?

I [§ 5 i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg](#) i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg står det følgjande:

«§ 5. Lokale forskrifter

Kommunen fastset i forskrift storleiken på gebyra i kommunen og gjev nærare reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkrevjing av gebyra.»

I [§ 16-1 i Forskrift om begrensning av forurensning](#) står det følgjande:

«§ 16-1. Rammen for gebyrene

Vann- og avløpsgebyrer fastsatt i medhold av lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg skal ikke overstige kommunens nødvendige kostnader på henholdsvis vann- og avløpssektoren. Ved beregning av selvkost bør de til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester legges til grunn.

Kommunen fastsetter i forskrift regler for beregning og innkreving av vann- og avløpsgebyrene, samt gebyrenes størrelse, innenfor rammene av denne forskriften. Før kommunen gjør vedtak om gebyrenes størrelse, skal det foreligge et overslag over kommunens antatte direkte og indirekte kostnader knyttet til drifts-, vedlikeholds- og kapitalkostnader på henholdsvis vann- og avløpssektoren for de nærmeste tre til fem årene. Overslaget skal så vidt mulig utarbeides i sammenheng med kommunens rullerende økonomiplan. Det skal også foreligge et overslag over hvilke beløp gebyrene antas å innbringe.»

Mange kommunar har, med heimel i paragrafane ovanfor, vedteke ei lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr. Nokre døme på dette er:

- Bjørnafjorden kommune:
(<https://bjornafjorden.kommune.no/faktura-kommunale-avgifter-gebyr-og-prisar/vass-og-avlopsgebyr/forskrift-om-vass-og-avlopsgebyr-i-bjornafjorden-kommune/>)

- Kvam herad:
(<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2016-06-14-951>)
- Kvinnherad kommune:
(<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2017-12-21-2468>)
- Arendal kommune:
(<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2018-01-26-112>)

Årsaka til at Arendal kommune er teke med i lista ovanfor, er at hovuddelen av forslaget til reglement som vart lagt fram for kommunestyret 22.02.2024 tok utgangspunkt i Arendal si forskrift.

Det ser ikkje ut til at det er vanleg at kommunar fastset grenseverdier for pålegg om påkopling av eksisterande bygningar i forskriftene sine.

Reglar om utarbeiding, utforming, kunngjering m.m. av forskrifter står i kapittel VII m.fl. i Lov 02.10.1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker (forvaltningsloven). Der er det mellom anna gitt reglar om utgreiingsplikt, førehandsvarsling, uttalar frå interesserte, forkrav og kunngjering. Justis- og beredskapsdepartementet har òg utarbeidd ein eigen [Rettleiar om forskriftsarbeid i kommunar](#). Dersom det skal innførast ei forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune, vil mellom anna følgjande gjelda:

- Endeleg vedtak av forskrifta må gjerast av kommunestyret.
- Kommunestyret bør vedta å gjennomføra høyring av forslaget til forskrift, før endeleg handsaming og vedtak av forskrifta.

Det er fleire formelle formkrav til ei forskrift enn til eit reglement. Dette gjeld både utarbeiding, innhald (struktur), vedtak, kunngjering og endringar. Det kan derfor vera ein noko meir omstendelig prosess å få på plass ei lokal forskrift enn eit reglement. Likevel er vurderinga til rådmannen at Samnanger, tilsvarende som mange andre kommunar, bør ha ei lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr. På bakgrunn av dette er det no utarbeidd eit forslag til slik forskrift. Det faktiske innhaldet er i all hovudsak det same som i forslaget til reglement som vart lagt fram for kommunestyret 22.02.2024, bortsett frå at punktet om pålegg om tilkopling av eksisterande bustader er endra.

Lovreglar om tilnyting til offentleg vass- og avløpsnett

Lovreglar om tilknytning til offentleg vass- og avløpsleidning står i [kapittel 27 i Lov 27.06.2008 om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#). I andre ledd i §§ 27-1 og 27-2 står det følgjande:

«§ 27-1. Vannforsyning

.....

Når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støtter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen knyttes til vannledningen. Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med

uforholdsmessig stor kostnad, eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.

.....»

«§ 27-2. Avløp

.....

Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.

.....»

Det går fram av både §§ 27-1 og 27-2 at disse reglane òg gjeld for eksisterande byggverk.

I § 30-6 står det følgjande:

«§ 30-6. Fritidsbebyggelse

Lovens bestemmelser i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd gjelder for fritidsbebyggelse bare når dette er bestemt i plan. Departementet kan gi forskrift om at andre bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven ikke skal gjelde for fritidsbebyggelse.

Lovteksten i §§ 27-1 og 27-2 som er referert ovanfor, gir i utgangspunktet stort rom for tolking. Heller ikkje forarbeida til plan- og bygningslova gir avklaring på korleis alle omgrepa i lovteksten skal forståast.

Avklaringar i brev frå Kommunal- og regionaldepartementet frå 2012

Kommunal- og regionaldepartementet gjekk i eit brev til Fylkesmannen i Hedmark datert 10.05.2012 gjennom nokre av omgrepa i §§ 27-1 og 27-2. Dette gjaldt mellom anna «nærliggende areal», «uforholdsmessige kostnader» og «særlige hensyn». Kopi av brevet følgjer vedlagt. Departementet skreiv i brevet at det vil vera ein fordel om fleire kommunar angir eit tak eller ein anslått normalkostnad for tilknytning til offentleg vatn og avløp, men at dei hadde forståing for at dette (å anslå ein normalkostnad) kan vera vanskeleg der det er store variasjonar i grunnforholda.

Departementet viste i brevet òg til eksempel på saker der det har vorte teke opp kva som kan reknast som «uforholdsmessige kostnader». Det er vist til eit eksempel frå 2007 der ein sum på 200 000 kroner ikkje vart vurdert som ein «uforholdsmessig kostnad». I drøftinga av omgrepet «uforholdsmessige kostnader» skreiv departementet òg følgjande i brevet:

«Økonomien til eieren av den aktuelle eiendommen vil ikke være avgjørende ved vurderingen.»

Når det gjeld omgrepet «særlige hensyn», skreiv departementet følgjande i brevet:

«Kommunen kan også unnta fra krav om tilknytning når *særlige hensyn* tilsier det. Dette gir en mulighet for unntak også der kostnadene ikke er uforholdsmessige. Et grunnlag for unntak vil typisk være når det foreligger gode løsninger for vann og avløp på eiendommen, slik at tilknytning ikke er nødvendig av hensyn til helse eller for å hindre forurensing. Der det nylig er investert i et anlegg på eiendommen, kan det være mye som tilsier at det foreligger særlige hensyn.»

Avslutningsvis i drøftinga om tilknytningsplikt etter §§ 27-1 og 27-2 i brevet, skreiv departementet følgjande:

«Departementet antar at en plikt til tilknytning etter andre ledd i §§ 27-1 og 27-2 som oftest ikke vil by på problemer. Der det kommer på spissen om kostnadene er uforholdsmessige, eller om det foreligger særlige hensyn, vil det i realiteten ofte bero på en helhetsvurdering om tilknytningsplikten slår inn. Et sentralt moment vil være om det foreligger helsemessige forhold eller fare for forurensing som kun kan løses tilfredsstillende ved tilknytning til offentlig ledning. I så fall kan tilknytning kreves også der kostnadene er betydelige.»

Reglar i nokre andre kommunar om kostnadstak for pålegg om tilkopling

Det ser ut til at mange kommunar ikkje har fastsett beløpsgrense/beløpsgrenser for kva som skal reknast som «uforholdsmessig stor kostnad», men at kommunen gjer ei skjønnsmessig vurdering i den enkelte saka. Men ein del kommunar har fastsett beløpsgrenser. Nedanfor følgjer nokre eksempel på dette:

- [Lier kommune](#):
" Dersom kostnaden for ditt prosjekt overstiger 2G (folketrygdens grunnbeløp), kan du søke støtte hos Lier VVA. Hvis det viser seg at kostnaden vil overstige 4G, vil andre løsninger kunne vurderes.»
- [Arendal kommune](#): (tilknytning til offentlig avløpsnett)
«Kommunen gjør en vurdering av saken på bakgrunn av tilbakemelding fra rørlegger/eier og estimerte kostnader for tilkobling:
 - Dersom estimerte kostnader er under 2G (grunnbeløp i folkeregistre) sender kommunen brev med vedtak om tilkobling.
 - Dersom estimerte kostnader er høyere enn 2G (grunnbeløp i folkeregistre) oversendes saken til kommuneplanutvalget for behandling. Kommuneplanutvalget avgjør om eiendommen skal kobles på offentlig avløpsnett eller om det skal søkes om annen godkjent avløpsløsning.»
- [Askøy kommune](#):
«Kommunestyret vedtok 26. august 2021 at Askøy kommune skal ha et maksimumsbeløp for pålegg om tilknytning til offentlig vann, avløp eller begge deler på 3,5 G. Askøy kommune har per i dag en behovsprøvd tilskuddsordning for huseiere som har fått pålegg om tilknytning til offentlig vann- og/eller avløpsledning. Ordningen er forbeholdt huseiere som er i en vanskelig økonomisk stilling. Mer informasjon om ordningen finner du [her](#).»

- [Ringerike kommune:](#)
Kommunestyret vedtok 05.09.2019 ([KS-sak 132/19](#), [ESA-sak 19/1273](#)) at kommunen ikke bør pålegge tilknytning dersom kostnadene for å bygge stikkledningen overstiger tre ganger grunnbeløpet (3G). Per mai 2021 tilsvarer 3G kr 319 197,-.

Skal det takast omsyn til økonomien til eigaren?

Kommunal- og regionaldepartementet skreiv i brevet frå 2012 som det er vist til ovanfor, at tilknytingsplikt for eksisterande bygg blir sett på som meir tyngande for eigaren enn tilknytingsplikt for nybygg. Årsaka til dette er at eksisterande bygg ofte allereie har ei lovleg løysing for vatn og avløp, for eksempel privat brønn og septiktank. Eigaren er gjerne ikkje førebudd på utgifter til tilkopling til offentleg vatn og/eller avløp. Nokre eigarar kan òg få problem med å betala dersom kostnaden blir høg. Sjølv om kommunen fastset ei maksimumsgrense for eigarbetaling på for eksempel 1,5 G (grunnbeløpet i folketrygda), vil truleg nokre eigarar kunne få problem med finansiering.

I det nemnde brevet frå 2012 står det at økonomien til eigaren ikkje vil vera avgjerande ved vurderinga av kva som er ein uforholdsmessig kostnad i samband med tilknytning til offentleg vatn og/eller avløp. Administrasjonen har i arbeidet med denne saka lagt til grunn at lovgevar meiner at dette skal vera hovudprinsippet i slike saker. Som vist ovanfor finnst det eksempel på kommunar som har etablert tilskotsordningar for eigarar som ikkje har økonomisk moglegheit til å finansiera kostnaden for pålagt tilknytning. Ei tilskotsordning vil òg kunne etablerast i Samnanger dersom kommunestyret ønskjer dette. Det må i så fall òg avklarast korleis tilskotsordninga skal finansierast. Ei slik ordning vil ikkje kunne finansierast med midlar frå budsjettet for vatn og avløp, men kan for eksempel finansierast med driftsmidlar. Eventuelt kan det vera eit alternativ å oppretta eit eige fond for ordninga.

Rådmannen foreslår at hovudprinsippet i Samnanger skal vera slik Kommunal- og regionaldepartementet skriv i brevet frå 2012. Det vil seia at hovudregelen skal vera at økonomien til eigaren ikkje vil vera avgjerande ved vurderinga av kva som er ein uforholdsmessig kostnad i samband med tilknytning til offentleg vatn og/eller avløp. For å ta høgd for at kan finnast eigarar som ikkje har økonomisk moglegheit til å betala ein kostnad på for eksempel 1,5 G for tilkopling, foreslår rådmannen å opna for at eigarar kan søkja om fritak for pålegg om tilkopling og/eller om økonomisk tilskot frå kommunen. Rådmannen foreslår at dette skal gjelda dersom stipulert kostnad for tilkopling er høgare enn 1 G (grunnbeløpet i folketrygda). Rådmannen foreslår at formannskapet skal ha fullmakt til å handsama slike saker. Det bør truleg òg opnast for at formannskapet kan velja å setja ned eit arbeidsutval (underutval) for handsaming av slike saker.

Eit kommunalt vedtak om pålegg om tilkopling til offentleg vass- og/eller avløpsnett er eit enkeltvedtak. Det er derfor høve til å klaga på vedtaket. Klageinstans vil vera Statsforvaltaren.

Kapasiteten i det kommunale vass- og avløpsnettet

Under handsaminga i kommunestyret 22.02.2024 kom det spørsmål om kapasiteten i det kommunale vassnettet, og om det vil vera nødvendig med investeringar for å kunne kopla på mange nye abonnentar. I utgangspunktet har hovudvassverket kapasitet til å levera vatn til langt fleire abonnentar enn i dag, men det er nokre forhold som er med på å redusera kapasiteten. Eit av desse forholda er lekkasjar, og eit anna er renskapasiteten i hovudvassverket i Myra. Det er ikkje grunn til å tru at det vil medføre kapasitetsmessige problem dersom det blir kopla til om lag 40 nye abonnentar til hovudvassverket.

Uavhengig av om det blir kopla til nye abonnentar, er det stort behov for investeringar på vassnettet. Ei viktig årsak til dette er alderen på delar av anlegget. Det er mellom anna behov for utskifting av gamle vassleidningar, ventilar, koplingar m.m. og etablering av fleire samlekummar for stoppekrantar. Slike tiltak vil medverka til redusert lekkasje, og som følgje av dette auka kapasiteten i nettet. Vassverket i Myra har passert 20 år, og noko av utstyret der har merkbar slitasje som kan gå ut over kapasiteten til å rensa vatn som skal inn i vassnettet. Dette gjeld primært dei to rensfiltera i Myra. Det hadde ideelt sett vore ønskeleg med tre filter, for å oppretthalda renskapasiteten når eitt av filtera blir rensa.

Det er òg stort behov for investeringar i avløpsnettet. Kor stort behovet faktisk vil bli, vil mellom anna vera avhengig av om kommunen får påbod om fullrensing av avløp. Med omsyn til kapasitet, er det i dag spesielt utfordringar knytt til at slamavskiljaren ved Skottabakken ikkje har kapasitet til å ta imot meir utbygging. Dersom Erikajorda skal byggjast ut, vil dei ikkje kunne kopla seg på denne slamavskiljaren. Dette vil kunne løysast gjennom å få på plass ei avløpspumpe som kan pumpe frå Skottabakken til Bjørkheim.

Justert forslag til grenseverdi (kostnadstak for pålegg om tilkopling)

På bakgrunn av vedtaket som kommunestyret gjorde 22.02.2024, har rådmannen utarbeidd eit justert forslag til reglar om grenseverdi (kostnadstak for pålegg om tilkopling). Der blir det foreslått ein grenseverdi på 1,5 G (grunnbeløpet i folketrygda), som ei samla grense for tilkopling til vatn og avløp. 1,5 G utgjer i dag 177 930 kroner. Grunnbeløpet i folketrygda blir justert 1. mai kvart år.

Den kommunale tilkoplingsavgifta for vatn og avløp er ikkje inkludert i grenseverdien på 1,5 G ovanfor, og vil derfor måtte betalast i tillegg. For ein einebustad eller fritidsbustad er satsen for tilkoplingsavgift i 2024 på 17 490 kroner for vatn og 20 641 for avløp. Eventuelt byggesaksgebyr er heller ikkje inkludert i grenseverdien på 1,5 G.

Forslaget inneber at ein eigar vil kunne få ein kostnad på til saman opptil om lag 215 000 kroner i samband med pålagt påkopling til offentleg vatn og avløp. Sjå eksempel i tabell nedanfor i dette dokumentet. Eventuelt byggesaksgebyr vil koma i tillegg.

Kor stor den gjennomsnittlege kostnaden for eigarar i samband med påkopling vil vera, er vanskeleg å anslå. Kostnaden vil vera avhengig av mellom anna avstanden til tilkoplingspunktet, grunnforhold og topografi. (**Eit eksempel:** Dersom ein eigar får pristilbod frå røyrleggjar/entreprenør på 5 000 kroner per meter ferdig lagt vass- og eller avløpsrøyr i

grøft, og avstanden til tilkoplingspunktet er 20 meter, vil kostnaden bli om lag 100 000 kroner. Tilkoplingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr vil koma i tillegg.)

Forslaget til justert punkt om grenseverdi er som følger:

FORSLAG TIL JUSTERT PUNKT:

«Pålegg om tilkopling – eksisterande bustader og fritidsbustader

Reglar om tilknytning til offentleg vassleidning og avløpsleidning går fram av plan- og bygningslova kapittel 27 og 30. Bygningar skal som hovudregel knyttast til offentleg vassleidning og avløpsleidning, jf. reglar i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2. Unntaksreglar for enkelte bygningstypar, mellom anna fritidsbustader, går fram av plan- og bygningslova kapittel 30.

Rådmannen har fullmakt til å gje pålegg om tilkopling av eksisterande bygningar til offentleg vassleidning og/eller avløpsleidning, dersom stipulert kostnad for eigar (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) ikkje er høgare enn 1 G (grunnbeløp i folketrygda). Tilkopling skal gjerast etter tilvist påkoplingspunkt frå kommunen.

Dersom stipulert kostnad (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) for eigar er høgare enn 1 G (grunnbeløp i folketrygda), avgjer formannskapet om det skal påleggjast tilkopling til offentleg vassleidning og/eller avløpsleidning. Formannskapet har i slike saker òg fullmakt til å gje økonomisk tilskot til eigar. Det kan berre gjevast tilskot for dekking av kostnad ut over 1 G (grunnbeløp i folketrygda). Tilskot kan berre gjevast dersom eigar ikkje har moglegheit til å finansiera kostnadene til tilkopling ved hjelp av eigenkapital eller lån.

Som hovudregel kan eigar ikkje påleggjast ein stipulert kostnad på meir enn 1,5 G (eksklusiv tilknytingsavgift og eventuelt byggesaksgebyr) til saman for tilkopling av ein eksisterande bustad eller fritidsbustad til offentleg vassleidning og avløpsleidning.

Frist for tilkopling til offentleg vatn- og avløpsnett er eitt år med høve til utsetting i ytterlegare eitt år etter skriftleg søknad med grunngjeving. Vedtaket kan påklagast innan tre veker etter motteke brev med vedtak. Det er Statsforvaltaren som er overinstans og handsamar ein eventuell klage.».

Eksempel:

Nedanfor følger to eksempel som viser kva betalinga for eigaren av ein eksisterande bustad eller fritidsbustad vil bli dersom forslaget ovanfor blir vedteke.

Eksempel 1

Kommunen gir pålegg om tilkopling av ein eksisterande einebustad til kommunal vassleidning og avløpsleidning.

Eigar kontaktar røyrleggjar/entreprenør og får pristilbod på 60 000 kroner inkl. mva. for arbeidet med tilkopling av einebustaden til kommunal vassleidning og avløpsleidning.

Kostnad som eigar må betala i samband med tilkoplinga	Sum
Betaling til røyrleggjar/entreprenør	60 000
Kommunal tilkoplingsavgift for vatn (2024)	17 490
Kommunal tilkoplingsavgift for avløp (2024)	20 641
Sum	98 131

Når bustaden er tilkopla kommunal vassleidning og avløpsleidning, må eigar òg begynna å betala kommunal vassavgift og avlaupsavgift etter gjeldande satsar. Eventuelt byggesaksgebyr er ikkje med i tala ovanfor.

Eksempel 2

Kommunen gir pålegg om tilkopling av ein eksisterande einebustad til kommunal vassleidning og avløpsleidning.

Eigar kontaktar røyrleggjar/entreprenør og får pristilbod på 177 000 kroner inkl. mva. for arbeidet med tilkopling av einebustaden til kommunal vassleidning og avløpsleidning.

Kostnad som eigar må betala i samband med tilkoplinga	Sum
Betaling til røyrleggjar/entreprenør	177 000
Kommunal tilkoplingsavgift for vatn (2024)	17 490
Kommunal tilkoplingsavgift for avløp (2024)	20 641
Sum	215 131

Når bustaden er tilkopla kommunal vassleidning og avløpsleidning, må eigar òg begynna å betala kommunal vassavgift og avlaupsavgift etter gjeldande satsar. Eventuelt byggesaksgebyr er ikkje med i tala ovanfor.

Uttalar frå andre

Det er ikkje henta inn uttalar frå andre i arbeidet med denne saka. Dersom kommunestyret vedtek å gjennomføra høyring av forslag til lokal forskrift, vil både innbyggjarar og andre få høve til å gje uttale før endeleg handsaming og vedtak i saka.

Vurderingar og konsekvensar

Det er behov for betydelege investeringar i det kommunale vass- og avløpsnett i åra som kjem. Å få fleire abonnentar vil vera viktig for å klara å finansiera investeringane, spesielt på litt lenger sikt. Alternativet til dette vil vera å auka gebyrsatsane for eksisterande abonnentar ut over ordinær prissauke. Dersom kommunen skal dekkja meirkostnader som

følgje av investeringar på VA-området, vil ikkje sjølvkostprinsippet lenger gjelda fullt ut på dette området. Det vil i så fall òg bli mindre midlar til andre kommunale oppgåver.

Det er viktig at kommunen får på plass enten ei lokal forskrift eller eit reglement om vass- og avløpsgebyr. Meir tydelege lokale reglar på dette området har òg vore ønska av kommunestyret i fleire år. På bakgrunn av reglane i § 5 i Lov om kommunale vass og avløpsanlegg og § 16-1 i Forskrift om begrensning av forurensning, ser rådmannen det som mest naturleg at det blir vedteke ei eiga lokal forskrift. Det må gå fram av forskrifta at kommunestyret årleg skal fastsetja gebyrsatsane for vatn og avløp. Rådmannen foreslår at kommunestyret 25.04.2023 vedtek å leggja forslag til forskrift ut på høyring. Høyringsfristen for kommunale forskrifter skal normalt vera to månader, men kan vera noko kortare dersom saka hastar. I denne saka er det ønskeleg at kommunestyret kan gjera endeleg vedtak allereie i juni-møtet i 2024 (18.06.2024). For å få dette til, må høyringsfristen vera kortare enn to månader.

Informasjon om andre vurderingar som er gjort i saka, går fram av det enkelte avsnittet ovanfor i denne saksutgreiinga samt i saksutgreiingane til kommunestyresak 128/2023 og 23/2024.

Konklusjon og rådmannen si tilråding

Rådmannen foreslår at det skal vedtakast ei lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune. Forslag til slik forskrift blir no blir lagt fram for politisk handsaming. Rådmannen foreslår at forslaget til forskrift skal leggjast ut på høyring, og at endeleg handsaming og vedtak skal gjerast av kommunestyret i juni 2024.

Rådmannen sitt forslag til forskrift er basert på forslaget til reglement som vart lagt fram i kommunestyresak 023/2024, men forslaget til reglar for pålegg om tilkopling av eksisterande bustader er justert i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i den nemnde saka.

Forskrifta vil gjelda frå den datoen ho blir iverksett, og ikkje ha tilbakeverkande kraft. Dette vil gjelda også i tilfelle der ein bygning allereie (før forskrifta trer i kraft) er tilkoppa kommunalt vass- og/eller avløpsnett, og eigar har hatt høgare utgifter enn 1,5 G i samband med dette.

Pålegg om tilkopling må gjevast innanfor dei rammene som går fram av plan- og bygningslova. Der er det både gitt generelle reglar i kapittel 27 og unntaksreglar for enkelte bygningstypar, mellom anna fritidsbygg, i kapittel 30.

Det blir foreslått at rådmannen skal ha fullmakt til å gjera vedtak om pålagt tilkopling av eksisterande bustader og fritidsbustader når stipulert kostnad ikkje er høgare enn 1 G (grunnbeløpet i folketrygda). Dersom stipulert kostnad er høgare enn 1 G, foreslår rådmannen at fullmakt til å gjera vedtak skal liggja hos formannskapet.

Rådmannen foreslår i tillegg at formannskapet skal ha fullmakt til å gje økonomisk tilskot i saker der stipulert kostnad er høgare enn 1 G. Det må i samband med dette avklarast korleis ordninga med økonomisk tilskot skal finansierast. Det vil ikkje vera høve til å finansiera ei

slik tilskotsordning med VA-sjølvkostmidlar. Ei mogleg løysing kan eventuelt vera å bruka midlar frå disposisjonsfondet til å oppretta eit eige fond for denne tilskotsordninga, og gje formannskapet fullmakt til å disponera midlane på dette fondet. Ei anna mogleg løysing kan vera å setja av ein sum i driftsbudsjettet til slikt økonomisk tilskot.

Vedlegg

- 1 Kopi av saksutgreiing kommunestyresak 23-2024 – Reglement Vatn- og avløpsgebyr for Samnanger kommune
- 2 Kopi av saksutgreiing kommunestyresak 128-2023 - Påkopling Vatn og avløp, sal av vatn og overtaking av anlegg
- 3 Forslag til forskrift om vass- og avløpsgebyr i Samnanger kommune
- 4 Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet 10.05.2012